



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 10.04.2019
Vår ref: 18/03091-16
Deres ref:

Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Hjelmeland massetak gbnr. 24/3 i Eid kommune. Tiltakshaver: Torulf Hjelmeland

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknaden om driftskonsesjon datert 14. august 2018 frå Torulf Hjelmeland (org. nr. 985 929 866). Torulf Hjelmeland (org. nr. 985 929 866), heretter kalla «Tiltakshavar» eller «Tiltakshavaren», får med dette driftskonsesjon etter minerallova § 43.

1. Konsesjonen

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av fast fjell i Hjelmeland massetak på del av eigedom gbnr. 24/3 i Eid kommune. Mineralførekomsten høyrer til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 36 daa og går fram av vedlagte kart «Hjelmeland massetak – konsesjonsområde».

Etter reguleringsplan «Detaljregulering for Hjelmeland masseuttak», PlanID 2015004, vedtatt 21. juni 2018 er området regulert til råstoffutvinning.

DMF gjer merksam på at ein driftskonsesjon gjeven etter minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgjeving.

2. Vilkår

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

2.1 Driftsplan

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal se ndast inn når DMF finn det nødvendig.

2.2. Økonomisk sikkerheit



Tiltakshavaren blir pålagt å stille økonomisk sikkerheit med NOK 1 210 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast ved å betale inn eit grunnbeløp på NOK 302 500, og deretter årlege avsetjingar som skildra i punkt 5.11, til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan råde over kontoen på noko vis.

Før drifta startar skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, vedlegg;
- (ii) dokumentert at grunnbeløpet på NOK 302 500 er innbetalt til ein pantsett bankkonto;
- (iii) etablert pant i kontoen til fordel for DMF.

2.3. Bergteknisk ansvarleg

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

3. Godkjenning av driftsplan

DMF godkjenner driftsplanen for Hjelmeland massetak. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket.

4. Høyring

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos Eid kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen i Vestland, Statens vegvesen, NVE og aktuelle naboar. DMF har fått høyringsfråsegn frå Eid kommune, Fylkesmannen i Vestland, NVE, Tom-Even Svanevik Langø og ei nabogruppe kalla Bebruarane på Hjelmeland.

Høringsperioden var frå 17. januar 2019 til 15. februar 2019.

Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

Eid kommune

Vedlagd framlegg til driftsplan samsvarer med vedteken detaljregulering. Vedtaket av detaljreguleringa er klaga på av naboar til tiltaket. Klagene er under handsaming.

Eid kommune merkar seg at planlagt årleg uttaksvolum i driftskonsesjonssøknaden er vesentleg høgare enn det som var oppgjeve som forventa uttaksvolum i driftsplan og i detaljreguleringa: 15 000 m³ masse mot 2 000 til 3 000 m³. Med maksimalt uttaksvolum iflg. driftskonsesjonssøknaden, vil trafikkmengda frå masseuttaket verte fem gongar større enn det som var lagt til grunn ved vurderinga av detaljreguleringa.

Uttak på 2 000 – 3 000 m³ masse er også ein av føresetnadane som låg til grunn for støv- og støyvurderingar som var gjennomført i samband med planarbeidet. Frå støyvurderinga merker kommunen seg følgende: «Det er ikkje lagt til grunn samtidig uttak, knusing og boring.» Kommunen vil gjerne ha ei vurdering av i kva grad det planlagde uttaksvolumet i driftskonsesjonssøknaden medfører at to eller fleire av operasjonane over må gjennomførast samtidig, og om dette i sin tur vil medføre auka støy.



Kommunen lurer også på om ei auking av uttaksvolum vil medføre økt støy frå vegtrafikk og om grenseverdien for støy frå vegtrafikk vert overskriden. Kommunen lurer også på korleis auka uttaksvolum vil påverka støvmengda som uttaket produserer og korleis støvplagene skal dempas.

DMF sine kommentarar

Driftskonsesjon i høve til mineralloven gis for et gitt areal. DMF prøver om uttaket skjer på ein bergfagleg forsvarleg måte og i tråd med varsemdsplikta i mineralloven. Uttaksmengda frå eit uttak vil variere etter etterspurnaden for de masser som uttaket produserer. Trafikkmengda vil derfor også variere. Kommunen er myndighet i forhold til plan- og bygningsloven og må ivareta eventuelle føresetnader som ligg til grunn for den vedtekne reguleringsplana. Det totale planlagde uttaksvolumet er det same i reguleringsplana og i søknaden om driftskonsesjon.

I forskrift til forurensningsloven kapittel 30 er det tatt inn krav til støy og støv i forhold til forureining frå produksjon av pukk, grus, sand og singel. Disse krava er også teke inn i reguleringsføresegna punkt 5.1. Tiltakshavar opplyser at det ikkje vil vere fleire samstundes aktiviteter i bruddet. DMF føresetjar at tiltakshavar overheld disse krava.

Fylkesmannen i Vestland

Fylkesmannen merkar seg at Sweco har vurdert støy- og støvbidraget til verksemda. Grenseverdien for støy er tilfredsstillande for alle bustadar i nærleiken, utanom ein fritidsbustad. Det vert opplyst at det skal gjennomførast avbøtande tiltak ved støykjelda som skjerming og redusert driftstid.

Fylkesmannen føreset at verksemda gjennomfører tiltak slik at dei heldt seg innanfor grensene for støy- og støvutslepp. Fylkesmannen vil også minne om at kapittel 30 i forureiningsforskrifta set krav om å gjennomføre målingar av støy og støv for å dokumentere at ein heldt seg innanfor grensene.

For knuse- og sikteverk omfatta av kapittel 30 i forureiningsforskrifta gjeld ei meldeplikt til Fylkesmannen ved nye verksemder eller ved endringar i eksisterande verksemd. Meldeskjema er tilgjengeleg på Fylkesmannens nettsider.

Fylkesmannen vil også gjere merksam på kapittel 17 i avfallsforskrifta om handtering av mineralavfall. I eit eventuelt driftsløyve bør det nemnast at viss det oppstår mineralavfall i drifta, må verksemda følge reglane i kapittel 17 i avfallsforskrifta.

DMF sine kommentarar

DMF tar fylkesmannens høyringsinnspel til etterretning.

Norges Vassdrags- og Energiverk (NVE)

NVE har ingen merknader til søknaden.

DMF sine kommentarar

DMF tar NVE sin kommentar til etterretning.

Tom-Even Svanevik Langø

Området der masseuttaket er planlagt ligger rett ved etablert innmarksbeite for storfe og dyrkamark. Ettersom driftstida på masseuttaket sammenfaller med beitesesongen



ser Langø at her kan være nokre ulemper. Høye plutselige lyder som signal, sprengning og pigging kan skremme dyra. Skremde dyr kan rømme, utgjøre ein fare for seg sjølve og menneske, kaste kalv og miste produksjon. Varige høye lyder ved masseuttaket kan gje dyre stresslidningar som kan føre til tap av produksjon, kasting av kalv og bortfall av brunst.

I henhold til dyrevernsloven skal ikkje storfe utsettast for varig støy over 65 db. Varig støy i den forbindelse er ut over eit par timer. Forøvrig er Langø og skeptisk til støy frå anlegget. Erfaring visert at sjølv med vatning av massane vil det bli ein del støy frå eit slikt anlegg. Om dette legg seg i beite og dyrkamark, kan det føre til at graset ikkje egner seg til dyremat.

Ved dei varmaste dagane har Langå austlig retning på vinden. Langø er difor også bekymra for at støy da kan bli ein plage for menneske. Det vil være til sterk ulempe om Langå må holde seg inne godværsdagene pga støy frå masseuttaket.

Langø reagerer også sterkt på at området ble omregulert til masseuttak utan at han ble varsla og derfor ikkje fekk muligheit til å komme med innspel til planprosessen og reguleringa.

DMF sine kommentarar

DMF viser til at det i forureiningsforskrifta kapittel 30 er tatt inn krav for støy og støy ved produksjon av pukk, grus, sand og singel. I reguleringsplana er det teke inn avbøtande tiltak for dette i form av redusert driftstid og skjerming. DMF føresetjar at tiltakshavar overheld krava i reguleringsplanen og forskrifta.

Når det gjeld manglande varsling knytt til reguleringa av uttaket, er dette noko som må takast opp med Eid kommune.

Bebuarane på Hjelmeland

Høyringsfråsegna er frå 20 bebuarar i området. Grunneigarar i området er sterkt kritisk til etablering av massetak i området og har klage på kommunen sitt vedtak om godkjenning av detaljreguleringsplan for massetaket. Klagen er enno ikkje behandla av kommunen (og eventuelt fylkesmannen).

Det er ikkje samsvar mellom reguleringssaka og konsesjonssøknaden når det gjelder uttak av massar. I reguleringssaka er det lagt opp til eit uttak på 2-3 000 m³ masse årleg medan dette talet i konsesjonssøknaden er eit uttak på 15 000 m³ masse. Det er såleis søkt om konsesjon på eit uttak som er minst 5 gangar så stort som det som ligg til grunn i reguleringssaka.

Følgjande moment er påpeika:

Trafikk på dårlege og uoversiktlige vegar

Med ei trafikkmengde som er fem gangar så stor som tidlegare antatt, vil fare for mjuke trafikantar og nedkøyring av vegar auke tilsvarande. Hovudvegane i området er i dårleg stand samt har parti som er smale og uoversiktlege. Særlig på vinterstid med glatt føre, kan dette føre til farlege situasjonar.

Område for natur, friluftsliv og turisme



Kringliggende område er mykje nytta til friluftaktiviteter og masseuttak med støy og sprengningsaktivitet vil redusere denne kvaliteten. Med ei betydelig utviding av omfanget vil dei negative konsekvensane auke tilsvarande.

Hjelmelandsdalen er eit område der det er satsa mykje på å legge til rette for natur- og friluftsliv samt oppbygging av hytteområde og skianlegg. Vi meiner at det er særskild uheldig å plassere eit steinbrot i eit slikt område. Grunna estetikk, støy- og støvproblemer er dette formål som etter vårt syn ikkje let seg kombinere.

Støy/støv

I rapportar utarbeidd i regulerings-saka vedkomande støy/støv er det lagt til grunn eit uttak på 2-3 000 m³ pr. år. Når dette no vert forsøkt endra gjennom konsesjonssøknad, meiner bebuarane at det ikkje er nytta rett grunnlag for utarbeiding og behandling av regulerings-saka på desse punkta.

Støvplage vil oppstå både ved arbeid i steinbrotet og ved transport av massar. Ved at aktiviteten vert forsøkt betydelig auka gjennom konsesjonssøknad, vil dei negative konsekvensane bli auka tilsvarande. Konsekvensane vert sjølvstørst for dei som ligg nærast massetaket, men vil også i større eller mindre grad påverke alle som ligg langs transportvegen. Støv frå massetak (inkludert transport) kan vere til ulempe i lang avstand frå sjølve uttaket.

Konklusjon

Sett i lys av at det ikkje er samsvar mellom konsesjonssøknad og regulerings-sak meiner bebuarane at det ikkje kan gjevast konsesjon til omsøkt drift.

DMF sine kommentarar

Det er Eid kommune som gjennom plan- og bygningsloven er ansvarlig for arealbruken innanfor kommunen. Forholdet til natur, friluftsliv og turisme er vurdert av kommunen gjennom reguleringsplanen.

DMF viser til at det i forskrift til forureiningslova kapittel 30 er tatt inn krav for støy og støy ved produksjon av pukk, grus, sand og singel. DMF føresetjar at tiltakshavar overheld disse krava.

Behovet for transport vil variere etter uttaksmengda, noe som igjen vil variere etter marknaden. DMF føreset at denne transporten skjer i samsvar med gjeldande regelverk. Det totale planlagde uttaksvolumet er det same i reguleringsplanen og i søknaden om driftskonsesjon.

5. DMF si vurdering

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomst på meir enn 10 000 m³ masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønsmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevast driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det



leggjast vekt på om søkjaren er "skikka" til å utvinne førekomsten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det òg leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevast konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

5.1 Utvinningsrett

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhøyrer kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er sjølv grunneigar for konsesjonsområdet. Etter grunnboka er Tiltakshavaren heimelshavar til eigedommen der konsesjonsområdet ligg. Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomsten.

5.2 Arealmessig status for tiltaket

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 36 daa og går fram av vedlagte kart «Hjelmeland massetak – konsesjonsområde».

Etter reguleringsplan «Detaljreguleringsplan for masseuttak i Hjelmelandsdalen», PlanID 2015004 er området regulert til råstoffutvinning.

5.3 Økonomien i prosjektet

DMF har vurdert den vedlagde informasjonen om økonomien i prosjektet. Etter DMF si vurdering er prosjektet økonomisk gjennomførbart.

5.4 Driftsplan

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer den planlagde brytinga av førekomsten innanfor arealet på 36 dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut er estimert til 700 000 m³. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 15 000 faste m³. Det er planlagt drift i tre etappar, med uttak av den nordlige delen først og deretter drift mot sør. Det blir òg presentert ein plan for sikring og avslutting. Planen er å føre brotområdet tilbake til LNF-område.



Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Hjelmeland massetak godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstillar dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

5.5. Bergfagleg forsvarleg drift

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemd.

Tiltakshavar har gjort greie for korleis man ser for seg å ta ut førekomsten i sin driftsplan. Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg.

5.6 Kva kompetanse søkjaren har til å drive førekomsten

I vurderinga av om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkjaren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Håvard Orheim som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifta.

Vinsrygg Maskin AS vil stå for drifta av steinbrotet. Sprenging og knusing av masser er ein viktig del av verksemda. Vinsrygg Maskin AS har eigne skutebasar og maskinkøyrarar.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.

5.7 Dei miljømessige konsekvensane av utvinning

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne.

Det finst ein godkjend reguleringsplan for uttaket. Planskilddinga i reguleringsplanen gjer greie for miljøverdiar i området og korleis uttaket vil påverke miljøet.



Vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyringsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artskart gjennomført 4. mars 2019 er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. Det er ikkje kome fram opplysningar i vurderingsgrunnlaget som tyder på at uttaket vil kome i konflikt med naturverdiar i området. DMF reknar kunnskapskravet i naturmangfaldlova § 8 for oppfylt. Sidan uttaket ikkje vil ha nokon større verknad på naturmangfaldet og ein ikkje kan påvise at tiltaket vil påverke truga, nær truga eller verdifull natur, legg DMF til grunn at det ikkje er nødvendig å gjere vidare vurderingar etter miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9–12.

På bakgrunn av det som er omtala ovanfor har DMF kome til at det ikkje finst faktorar knytte til miljø og kulturminne som tilseier at det ikkje skal gjevast driftskonsesjon eller at det er nødvendig å setje vilkår om avbøtande tiltak.

5.8 Forholdet til omgivnadene og nærliggjande område under drift

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr. Tiltakshavar har i sin driftsplan gjort greie for nødvendige sikringstiltak under driftsperioden og etter avslutta drift.

Det er etter høyringa kome høyringsinnspel knytt til omfanget av uttaket og støy og støvbelastning knytt til dette. Det vises til at det i arbeidet med reguleringsplana ble oppgitt eit årleg uttak på 2 000 – 3 000 m³ masse, mens det i forbindelse med høyringa av søknaden om driftskonsesjon er angitt eit årleg uttak på 15 000 m³ masse. DMF viser her til at det årlege uttaket frå eit masseuttak vil variere etter marknaden. I forskrift til forureiningslova kapittel 30 er det tatt inn konkrete krav knytt til støv og støy. Disse krava er også teke inn i føresegnene til reguleringsplanen. DMF føreset at tiltakshavar retter seg etter desse krava.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.9. Kva tiltaket får å seie for verdiskaping og næringsutvikling

Førekosten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga byggjeråstoff, som inkluderer sand, grus, pukk og leire. Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg. Uttaket vil bidra til å skape ny sysselsetjing i lokalsamfunnet/distriktet. Drifta kan òg ha ein positiv verknad ved å gje opphav til eller sikre eksistensen til anna næringsverksemd, eller ved at råstoffet kan vere ein strategisk innsatsfaktor i anna verksemd.

5.10. Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området

Etter avslutta uttak skal arealet tilbakeførast til landbruksareal. I starten av uttaket vil det vere behov for å nytte ferdig uttaksområde til lagring av stein og til bruk i den vidare drifta. Etter kvart som det er mogleg og uttaket ferdigstillast i samsvar med driftsplan, skal avdekningsmassar og jord tilbakeførast inn i uttaket for reetablering av LNF-areal.



Tiltakshavar har gjort greie for sine planer for avslutning av uttaket i driftsplanen for uttaket. Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

5.11. Økonomisk sikkerheit

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelege krava til sikkerheit.

Tiltakshavaren har foreslått en sum for økonomisk sikkerheit på NOK 318 600. I dette beløpet er det ikkje tatt inn kostnader for nødvendige konsulenttenestar og andre indirekte kostnader.

5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere ikkje tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.

Tiltakshavar har i sin driftsplan planlagt reinsk og sikring av opne skjeringar, samt opplyst om andre aktuelle tiltak for sikring og istandsetting av uttaket. Reinsk av pallveggar, restsprenging, kontursprenging, etablering av sikringsgjerdar osv., er ikkje tatt med i utrekninga av økonomisk sikkerheit. Dette førar til at DMFs utrekning blir høgare. Tiltakshavar har eit anslag på 300 timar for arrondering og planering, noko DMF meiner er for høgt, og har da senka kostnadane for dette. Enhetsprisane tiltakshavar har benytta, samt areal for istandsetting, varierer ein del i forhold til kva DMF har lagt til grunn for si utrekning.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 1 210 000 for å sikre at naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på kor komplekst uttaket er, masstype, potensiell forureiningsfare, underjords- eller dagbrotsdrift, plassering og lokale tilhøve. DMF har òg lagt vekt på sine eigne erfaringstal for tilsvarende uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

5.11.2. Form for sikkerheit

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved innbetaling av eit grunnbeløp og ved individuell fondsavsetjing, begge deler til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

Grunnbeløp



Etter DMF si vurdering er det naudsynt å stille krav om innbetaling av eit grunnbeløp for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartsfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Tiltakshavaren skal difor før drifta startar, innan 2 månader etter datoen då konsesjonsvedtaket blei gjort, betale inn eit grunnbeløp på NOK 302 500 til ein bankkonto. Beløpet er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 1 210 000 er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 1,35 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på 16 år, det vil seie NOK 56 718,75 per år. I søknaden er det rekna med eit uttak på 42 000 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 1,35 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

5.11.3. Rapportering og dokumentasjon

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivast kontoen.

I tillegg finn DMF det naudsynt at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal Tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjort, skal Tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphald. DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor naudsynt å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

5.11.4. Justering av sikkerheita

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekomst av grunneigars mineral går ut



- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdraging av utvinningsretten.

7. Plikter for tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF.

Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

Drifta skal utførast med varsemd

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

Ansvar til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakarar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomsten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

Rapportering

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på dirmin.no.

8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.



For nærmere informasjon om minerallova med tilhørende forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no.

Med helsing

Maria Lauritzen
seksjonsleder

Thomas Furunes
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Thomas Furunes

Vedlegg:

Hjelmeland massetak - godkjent driftsplan.pdf

Hjelmeland massetak - konsesjonsområde.pdf

Hjelmeland masseuttak - avtale om finansiell sikkerhetsstillelse.docx

Hjelmeland masseuttak - pantsettelseserklæring.docx

Mottakarakar:

Torulf Hjelmeland (enkeltpersonforetak)	Hjelmeland	6770 NORDFJORDEID
--	------------	-------------------

Kopi til:

Asbjørn Rune Mannset	Remmedalsvegen 401	6777 STÅRHEIM
Asgeir Bakke	Remmedalsvegen 578	6773 NORDFJORDEID
Eid kommune	Rådhusvegen 11	6770 NORDFJORDEID
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863 LEIKANGER
Gunnvald Matias Langø	Fagerheim 20	4322 SANDNES
Magny Lillebø Lien	Remmedalsvegen 574	6773 NORDFJORDEID
May Iren Giil	Postboks 61	6708 BRYGGJA
Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest	Naustdalsvegen 1B	6800 FØRDE
Oddvar Bakke	Remmedalsvegen 580	6773 NORDFJORDEID
Per Asle Hjelmeland	Bjørhovdevegen 241	6773 NORDFJORDEID
Reset AS	Ortra AS, Hjalmovegen 1	6773 NORDFJORDEID
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863 LEIKANGER
Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861 LEIKANGER
Svein Manseth	Remmedalsvegen 469	6777 STÅRHEIM
Tom-Even Svanevik Langø	Remmedalsvegen 441	6777 STÅRHEIM
Trond Lien	Remmedalsvegen 574	6773 NORDFJORDEID
Trude Dalset	Bjørhovdevegen 251	6773 NORDFJORDEID